

Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS

**Innkalling
for
Representantskapet for IKA-Hordaland IKS**

Møtedato: fredag. 24.10.25
Møtestad: Teams, lenke i eigen e-post / møteinnkalling.
Møtetid: 12.15-13.15

Forfall skal meldast til administrasjonen. Varamedlem møter berre etter nærmare innkalling.

Sakliste

Saksnummer Tittel

Sak 08/25	Oppteljing av representantskapsmedlemmer
Sak 09/25	Val av møteleiar, referent og protokollnemnd
Sak 10/25	Godkjenning av innkalling og sakliste
Sak 11/25	Orientering frå selskapet
Sak 12/25	Eigartilskot 2026
Sak 13/25	Budsjett 2026 og økonomi og handlingsplan 2026-2029

Med venleg helsing

Bente Kari Sletten
Representantskapsleiar

Birte Young
Styreleiar

Saksnummer	Utval	Arkivsak ID
08/25	Representantskapet	2025/830

Oppteljing av representantskapsmedlemmer

Saksutgreiing:

Dei frammøtte representantar vert talde. Representantskapet er vedtaksføre når 12 av dei valde representantane er til stades.

Framlegg til vedtak:

..... Valde representantar og eigardelar var frammøtt.

Representantskapet er vedtaksføre.

Saksnummer	Utval	Arkivsak ID
09/25	Representantskapet	2025/830

Val av møteiar, referent og protokollnemnd

Saksutgreiing:

Representantskapet vel møteiar, referent og protokollnemnd.

Framlegg til vedtak:

Framlegg vert gjort i møte.

Saksnummer	Utval	Arkivsak ID
10/25	Representantskapet	2025/830

Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksutgreiing:

Representantskapet godkjenner utsendt innkalling med sakliste.

Framlegg til vedtak:

Representantskapet godkjenner innkalling og sakliste.

Saksnummer	Utval	Arkivsak ID
11/25	Representantskapet	2025/830

Orienteringar frå selskapet

Saksopplysning:

Selskapet orienterer om saker av betydning for eigarane.

Framlegg til vedtak:

Representantskapet tek presentasjonen til vitande.

Saksnummer	Utval	Arkivsak ID
12/25	Representantskapet	2025/830

Eigartilskot for 2026

Det årlege eigartilskotet skal dekkje selskapsdrifta og kostandar knytt til basistenestene, som er tenester som vert tilbode til alle eigarkommunane.

Styret sette i sak 30/24 i gang ein prosess for å sjå på ny økonomimodell. Eigarkommunane ynskte høgare innslag av fastpris og fastprisavtalar. Konsulentselskapet PWC vart engasjert og presenterte ei løysing for eigarane på eigarmøte 07.03.25. Presentasjonen vart deretter sendt til eigarkommunane. Saka vart orientert om på representantskapsmøte den 13.06.25.

Årsaka til at nokre kommunar kjem ut med raude tal i ny modell, er at desse hadde deponert svært få, eller 3-5 eArkiv uttrekk medan andre hadde deponert mange, eller inntil 45 eArkiv uttrekk. Fastprismodellen verkar slik at gevinsten for dei kommunane som står med raude tall fyrst kjem når ein tek ut fleire tenester som t.d. deponerer meir eArkiv uttrekk.

Økonomimodell frå 2026

Basistenestene 90 000 i grunntilskot pr. kommune og 11,3 kroner pr. innbyggjar.
Depottenestene 600 kr pr. hyllemeter og 29 000,- pr. kommune for digitalt nærmagasin (DNM) og digitalt sikringsmagasin (DSM) inkl. tillegg.

Oppdragstenestener vert tilbode etter fastpris sett av styret.

Framlegg til vedtak:

Representantskapet vedtek eigartilskot og prissetting for depottenestene for 2026.

Fig. 1 Tabell eigartilskot og depottenestene for 2026.

Eierkommune	Dagens prismodell (2024)	Foreslått prismodell (2026)	
	Eiertilskudd + depottjenester	Eiertilskudd + depottjenester	Differanse dagens og foreslått modell
Alver kommune	2 041 779	1 780 464	-261 315
Bjørnefjorden	1 341 822	1 177 500	-164 322
Ullensvang kommune	860 555	795 579	-64 975
Voss herad	731 522	725 014	-6 507
Øygarden kommune	1 415 649	1 322 183	-93 466
Askøy kommune	1 438 555	1 421 664	-16 891
Austevoll kommune	414 325	359 756	-54 570
Austrheim kommune	299 660	272 010	-27 650
Bømlo kommune	572 817	576 250	3 433
Eidfjord kommune	175 431	159 969	-15 461
Etne kommune	332 046	315 221	-16 825
Fedje kommune	172 085	151 954	-20 130
Fitjar kommune	250 280	227 032	-23 248
Kvam herad	317 768	350 233	32 466
Kvinnherad kommune	652 400	600 805	-51 595
Masfjorden kommune	258 185	219 256	-38 929
Modalen kommune	260 763	189 404	-71 359
Osterøy kommune	743 921	601 724	-142 197
Samnanger kommune	255 267	237 210	-18 057
Stord kommune	631 202	706 888	75 686
Sveio kommune	323 573	340 284	16 710
Tysnes kommune	313 487	302 417	-11 070
Ulvik herad	266 655	203 396	-63 260
Vaksdal kommune	431 141	396 787	-34 354
Sum	14 500 887	13 433 000	-1 067 887

Vedlegg: Ny økonomimodell frå PWC gjeldande frå 2026 (eige dokument)

Saksnummer	Utval	Arkivsak ID
13/25	Representantskapet	2025/830

Budsjett 2026 og handlings og økonomiplan 2025-2028

Saksopplysning:

Vedlagt ligg framlegg til budsjett for 2026 og handlings og økonomiplan for 2026-2029.

Ny arkivlov og nye føresegner er venta å tre i kraft i januar 2026. Krava i ny lov og ny føresegn vert skjerpa. Det får konsekvensar for kommunane og oss som bevaringsinstitusjon og medfører at handlingsplanen må reviderast.

Uavklara forhold både knytt til lokale i Hansaparken, Vestland fylkeskommune si rolle på arkivfeltet og at eigarkommunane går inn i en lågkonjunktur gjer vi ser føre oss å strekkje ut aktivitetar over tid og tilpasse drifta til dette. Styret har tilbode kommunar å reforhandle dei gjeldande oppdragsavtalane slik at både faste kostnadar og gjennomføring av arbeidet kan fordelast over fleire år.

Framlegg til vedtak:

Representantskapet vedtek budsjett for 2026 og handling og økonomiplan for 2026-2029



Handlings og økonomiplan 2026-2029

Arkiva dokumenterer avgjerder, handlingar og minne. Dei utgjer ei unik og uerstatteleg arv som vertoverført frå generasjon til generasjon. Arkiva vert forvalta frå dei vert til, for å verne om verdien og meningsinnhaldet deira. Dei er autoritative informasjonskjelder som står pålitelege og transparente administrative prosessar. Dei spelar ei vesentleg rolle i samfunnsutviklinga ved at dei sikrar og bidrar til individets og fellesskapens minne. Ålmenn tilgang til arkiv gir oss rikare kunnskap om samfunnet, fremjar demokrati, vernar om rettane til innbyggjarane og betrar livskvaliteten

Verdserklæringa om arkiv

Status og utfordringar

Hovudutfordringane for dei kommunale arkiva er skildra i, *Riksrevisjonens si undersøking av arbeidet med å sikre og tilgjengleggjere arkiva i kommunal sektor*, Dokument 3:13 (2009–2010). Desse er og gjenteke i NOU 19-9 frå kalveskinn til datasjø.

Kort summert er utfordringa at:

- ✓ Arkiva er mangelfullt sikra og etterslepet av arkiv som skulle vore deponert er stort.
- ✓ Arkiva er ikkje digitalt søkbare eller digitalt tilgjengelege.

Riksrevisjonens si *undersøking av digitalisering av kulturarven*, Dokument 3:4 (2016-2017), regjeringa sin nasjonale digitaliseringsstrategi 2024-2030, Vestland fylke sin regionale kulturplan 2023-2035 , *Kultur bygger samfunn* og fleire tilsynsrapportar frå Arkivverket sine tilsyn, beskriv ei rekkje pålegg og mål for den kommunale arkivforvaltninga fram mot 2029.

Målbilde i 2029

- ✓ Kommunane skal ha etablert bevaringsinstitusjonar som har løysingar kring langtidslagring for digitale arkiv så vel som for analoge arkiv.
- ✓ Kommunane har etablert framdrifts og finansieringsplanar som sikrar arkiva og får desse deponert til sin bevaringsinstitusjon i tråd med lov og forskrift.
- ✓ Kommunane skal ha etablert ein dokumentasjonsstrategi og etablert internkontroll for eiga verksemd i forhold til arkiv, data og dokumentasjon.
- ✓ Kommunar i Vestland skal vere leiande på digital bevaring og formidling og vedta tydelege mål samt etablert finansiering framdriftsplanar for digitaliseringa av kulturarva
- ✓ Kommunane skal ha teke i bruk nasjonale fellesløysingar for katalog, kor dei kommunale arkiva skal vere registrert og kunne formidlast.

Arkiva i Hus - Arkiva i bruk – Handlingsplan for perioden 2026-2029

Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS har som føremål, å legge til rette for eigarane si rasjonelle, funksjonsdyktige og effektive gjennomføring av arkivlova sine intensjonar og føresegner. Etter avtale med eigarane skal verksemda arbeide for å, tryggja arkiv som har monaleg kulturelt eller forskingsmessig verdi eller som inneheld rettsleg eller viktig forvaltningsmessig dokumentasjon, og syte for at desse kan verta tekne vare på og gjorde tilgjengelege for ettertida.

Tiltaka for å løyse kommunane sine utfordringar er kalla, arkiva i hus – arkiva i bruk. **Arkiva i hus** er ulike tiltak som skal bidra til å sikre og klargjere arkiv til langtidslagring. **Arkiva i bruk** handlar om ulike tiltak for å tilgjengleggjere arkiva samt sikre at arkiv, data og dokumentasjon som vert skapt har høg kvalitet.

Hovudaktivitetar for «Arkiva i hus» for handlingsplanperioden 2026-2029

- ✓ Innan utgangen av 2029¹ skal det føreligge deponeringsplanar for den enkelte kommune.
- ✓ Arkiv skapt og eller avslutta før 2007² skal beskrivast, ordnast og deponerast i tråd med gjeldande regelverk. Arkiva skal vere registeret på minimum serienivå i ASTA. Seriar som er mykje i bruk skal registrerast på mappenivå. Arkiva skal vere ordna slik at dei er klart til å kunne digitaliserast on demand og leverast enten via trygg levering, i Digitalarkivet eller direkte i den enkelte kommune si eiga innsynsløysing³.
- ✓ Arkiv skapt på papir til og med kommunestyreperioden 2003-2007 eller fram til kommunane vart fulldigitale og eller tok i bruk NOARK 4, / NOARK 5 skal vurderast opp mot deponerte arkiv og fagsystem for digital deponering. TRAC metodikk skal utviklast og vurderast tatt i bruk m.t.p. å destruere av papirkopien etter at arkiva er godkjende og digitalt deponert.
- ✓ Alternativt skal andre ein vurdere andre lagringsløysingar for arkiv som er digitalisert.
- ✓ Digitalt skapte arkiv frå perioden 2003 -2019 skal deponerast fortløpande og seinast når dei går ut av produksjon, vert periodisert og eller vert historiske. Fagsystem der det er behov for oppslag kan leggst i digitalt nærmagasin (DNM)
- ✓ Godkjende deponeringar vert lasta opp i digitalt sikringsmagasin (DSM) Innsyn i digitale arkiv etter 2007 skal i hovudsak gjerast gjennom kommunane sine eigne innsynsløysingar fram til nasjonale løysingar er utvikla.
- ✓ Vi skal tilby bortsetjingsarkiv som ei teneste for papirarkiv frå 2003-2019, mot at det er teikna avtale om klargjering til deponering. Vi skal som hovudregel ikkje ta i mot aktive arkiv.
- ✓ Rettigheits dokumentasjon for personar fødd før 2007, skal vere registrert i ASTA på fødselsdato og namn og alle mappene deponert til spesialrom for arkivdepot.
- ✓ Vi skal tilby bortsetjingsarkiv som ei teneste for papirbasert rettigheits dokumentasjon for personar fødd etter år 2007 dersom dei ikkje lenger ikkje mottek eller kan motta tenester etter frå kommunane særlovene.

Hovudmål for «Arkiva i bruk» for Handlingsplanperioden 2026-2029

- ✓ Papirarkiv skapt eller avslutta før 2007, skal vere søkbare i ASTA og publisert på arkivportalen samt klargjort for å kunne leverast t.d. via Digitalarkivet.
- ✓ Vi skal utvikle opne API for søk/katalog som kan publiserast på den enkelte kommunen si heimeside. Vi skal utvikle bestillingsskjema som kan publiserast på den enkelte kommune sin heimeside. Føremålet at brukarane kan få tilgang til arkiva via kommunane si heimeside.

¹ Gjeldande føresegn set ei grense på alt arkiv eldre enn 30-25 år skal vere deponert innan 2029.

² Alle personar fødd før år 2007 og der tenesta er avslutta, skal vere deponert.

- ✓ Vi skal tilretteleggje for auka bruk av arkiva på Digitalarkivet. Det er eit overordna mål at trafikken på kjeldene våre skal aukast og at deling av kjelder via Digitalarkivet er eit tiltak som skal prioriterast utvikla.
- ✓ Vi skal etablere avtalar med kommunane om å digitalisere og levere arkiv inn i kommunane sine egne innsynsløysingar.
- ✓ All rettigheits dokumentasjon for personar fødd før 2007, skal vere registrert i ASTA på f. dato og namn og innsyn skal betenast digitalt vi «trygg levering» ved bestilling frå kommunen. Datahandsamaravtalane gjeld.
- ✓ Vi skal leggje til rette for at personar som ynskjer innsyn i «mappa si» skal kunne vende seg direkte til kommunen og få dokumentasjonen levert digitalt.
- ✓ Vi skal leggje til rette for at digiserte arkiv og arkivseriar kan publiserast fritt via Digitalarkivet så langt offentleglova tillèt.
- ✓ Arkivseriar som mykje etterspurt og skapt før 1965 skal gjerast tilgjengeleg og publiserast fritt via Digitalarkivet Arbeidet skal dekkjast gjennom basistenestene.
- ✓ Vi skal gje faglege råd og rettleiing som har som føremål å lukke pålegg om manglande internkontroll for arkiv for samlege kommunar.
- ✓ Vi skal auke fokus på kompetanseheving innan lovverk, innsyn og digitalisering og vi skal tilby webinar og e-læring til tilsette i eigarkommunane.
- ✓ Vi skal utforske bruk av frivilligheit til digitalisering og formidling av kulturarv.
- ✓ Vi skal utforske tiltak som kan samordne digitalisering og auke kvalitet på data.

Budsjett 2026 og Økonomiplan 2026-2029

Innleiing

Økonomiplanen er basert på ny økonomimodell frå 2025. Den tek utgangspunkt i eit eigartilskot og depotavgift. Avtalar om oppdrag, er basert på sjølvkostprinsippet slik skildra i rapporten til PWC.

Økonomiplan 2026-2029

Økonomiplanperioden 2026-2029						
Budsjett i 1000 kr	Anm.	Regnskap	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett
		2024	2026	2027	2028	2029
Driftsinntekter						
Eigartilskot	1	3 964 413	5 000 000	5 100 000	5 200 000	5 300 000
Salg til eigarane og langtidsprosjekt	2	15 020 387	13 665 000	13 925 000	14 185 000	14 450 000
Anna driftsinntekt						
Sum driftsinntekter		18 984 800	18 665 000	19 025 000	19 385 000	19 750 000
Driftsutgifter						
Lønnsutgifter	3	-13 237 414	-7 635 000	-7 750 000	- 7 900 000	- 8 100 000
Sosiale utgifter	4		-3 815 000	-3 950 000	- 4 050 000	- 4 100 000
Andre driftskostandar		-6 442 364	-6 500 000	-6 600 000	- 6 700 000	- 6 800 000
Avskrivingar	5	-215 272	-450 000	-450 000	- 450 000	- 450 000
Sum driftskostnader		- 19 679 778	- 18 400 000	-18 750 000	-19 100 000	- 19 450 000
Finansinntekter						
Renteinntekter		183 485	150 000	150 000	150 000	150 000
Finansutgifter						
Netto finnasutgifter		183 485	150 000	150 000	150 000	150 000
Netto driftsresultat						
Avsetningar til bundne driftsfond	6		-865 000	-875 000	-895 000	-900 000
Bruk av disposisjonsfond		726 765	450 000	450 000	450 000	450 000
Resultat etter skatt		-	-	-	-	-
Investeringsplan						
Investeringskostnad	7	-	450 000	450 000	450 000	450 000
Disposisjonsfond / eigenkapital		9 977 920	9 527 920	9 077 920	8 627 920	8 177 920
Investeringsbudsjett						
1. Det vert budsjettert med 500 000,- til investeringar av utstyr og inventar						
Dette vert dekkja via 400 000 frå disposisjonsfond samt 100 000 i mva kompensasjon						
2. Det vert budsjettert med 50 000,- til kjøp av aksjer og andelar (KLP)						
Dette vert dekkja via disposisjonsfond						

Kommentarar:

- Eigartilskot er foreslått endra ref. framlegg til ny økonomimodell frå PWC som er presentert i eigarmøte 07.03.25. Det er venta ei auke på ca. 2 % gjennom perioden.
- Salsinntekt, langtids prosjekter er inntekt frå tenester som utleige av hyllemeter, digitalt nær og sikringsmagasin, ordning, digitisering og digitalisering samt uttrekk frå arkiv og fag system.
- Lønn justert etter faste årsverk og kjente faktorar. KS forventar ein lønnsvekst på 3,7 % for 2026. Selskapet er i 2026 planlagt å levere 12 årsverk. NB: i 2025 var lønn og sosiale kostnader samla i eit og same beløp.

4. Sosiale kostnader omfattar kostnader utover grunnlønn, som, arbeidsgjevaravgift, pensjonar, forsikringar, kompetanse, velferdsordningar og godtgjersle til styret.
5. Avskrivingar inneheld bl.a. utskifte av forelda og slitt utstyr og inventar. Kostnad vert avskrive over 3 år. Det vert planlagt for investeringar i skannere og IT-utstyr.
6. Avsetningar til bundne driftsfond. Vi set av midlar til eit driftsfond for å ordne og tilgjengleggjere og digitisere arkiv eldre arkiv skapt i tida frå 1837 - 1965.